

Musea i Sogn og Fjordane

Styremøte

Dato: Tysdag 09.06.2015
Tid: Kl. 11:00
Stad: Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Florø

MØTEBOK

Frå styret møtte: Harry Mowatt, Olin Johanne Henden, Laura Kvamme, Olve Grotle, Ingrid Norum og Steinar Ebebø.
Arild Hartman Eriksen hadde meldt forfall, vara Vidar Grønnevik kunne ikkje møte.
Frå adm. møtte: Direktør Anne-Marie Førde og administrasjonssjef Inge Bent Arnestad.
Referent: Anne-Marie Førde

SAKLISTE:

13/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste
14/2015: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 28.04.2015
15/2015: Orienteringar
16/2015: Disponering av husleigetilskot til Norsk Reiselivsmuseum
17/2015: Rekneskaps- og lønsføring i MiSF frå 2016
18/2015: Ymse

SAK 13/2015: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent
Samrøystes

SAK 14/2015: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTET 28.04.2015.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå styremøtet 28.04.2015 vert godkjent

Vedtak:
Protokoll frå styremøtet 28.04.2015 vert godkjent
Samrøystes

SAK 15/2015: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

- **Rekneskap mot budsjett**

/. Vedlegg: Rekneskapsrapportar pr. 30.04.2015.

- **HMS/internkontroll/sjuefråvær**

/. Vedlegg: Fråværsstatistikk pr. 31.05.2015

- **Besøktal 2015**

/. Vedlegg: Besøktala pr. 30.04.2015

- **Norsk Reiselivsmuseum – Status**

I avklaringsmøte mellom Kulturdepartementet, Statsbygg og MiSF 10.03.2015, vart partane enige om utføring av restarbeid i reiselivsmuseet før innflytting.

Statsbygg stadfesta i brev av 12.05.2015 at restarbeidet er utført i samsvar med avtale, og at bygget er klart for innflytting.

MiSF meiner frå sin ståstad, at restarbeidet ikkje er fullført i samsvar med avtale.

I notat frå Gjensidige Forsikring som gjennomførte synfaring i museumsbygget, 11.05.2015, vert det spesielt peika på at forsikringa ikkje dekkjer fylgjeskader etter vassinntrenging i fjellveggane. Forsikringselskapet peikar også på at det bør utarbeidast innvendig tilstandsanalyse før leigeavtalen trer i kraft.

Statsbygg stiller seg noko undrande til påstandane i notatet frå Gjensidige Forsikring og har invitert MiSF til eit nytt møte saman med Kulturdepartementet.

Møtedato 03.06.2015 med Balestrand som møtestad, er utsett av Statsbygg og MiSF ventar på ny møtedato.

- **Fellesmagasinet MiSF – Status**

Kort informasjon om status for finansiering og dialog med eigar

*/. Vedlegg: Brev til SFJ v/bygg og eiendomssjef dagsett 05.05.2015
Tilbakemelding 19.05.2015 frå SFJ på vedtak i Hovudutvalet for kultur*

- **SFKM/Sogn kunstsenter – Sesongdrift 2015**

Jf. styresak 10/2015 Orienteringar frå administrasjonen.

Det ligg no føre eit avtaleutkast mellom Lærdal kommune og Musea i Sogn og Fjordane for drift av Lærdal kulturhus m/Sogn Kunstsenter, Norsk Villakssenter og Turistinformasjon, gjeldande for driftssesongen 2015.

/. Vedlegg: Utkast til avtale mellom Lærdal kommune og Musea i Sogn og Fjordane

- **Oppløysing av Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum gjennom fusjon med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane**

Styret for Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum ønskjer å vedta nedlegging av stiftinga og føre stiftinga sitt formål vidare gjennom ein fusjon med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Styret i SFKM har oppmoda stiftarane om å slutte seg til framlegget om fusjon mellom dei to stiftingane Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Musea i Sogn og Fjordane.

Det er sendt ut brev til stiftarane av Sogn og Fjordane Kunstmuseum.

Saka vert lagt fram i hovudutval for kultur (02.06.2015) og fylkesutvalet (03.06.2015) med følgjande tilråding frå fylkesrådmannen og hovudutval for kultur:

«Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknader til at stiftinga Sogn og Fjordane

kunstmuseum vert oppløyst, og at drifta av kunstmuseet vert fusjonert inn i stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.»

/. **Vedlegg:** *Saksframlegg og tilråding frå fylkesrådmannen til hovudutval for kultur i SF fylkeskommune. (Saknr. 23/2015 i utvalsmøte 02.06.2015)
Saksframlegg og tilråding frå hovudutval for kultur til fylkesutvalet i SF fylkeskommune: (Saknr. 63/2015 i fylkesutvalet 03.06.2015)
Notat av 26.04.2015 frå Sogn og Fjordane Kunstmuseum
Brev av 26.04.2015 til stiftarane av Sogn og Fjordane Kunstmuseum*

- **Oppløysing av Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane - Status**

JF. styresak 32/2012 Orienteringar til styret.

Informasjon ved dåverande styreleiar i eigarstyret Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Anders Folkman, vart tatt til vitande. Både SF fylkeskommune og Flora kommune har gjort vedtak om å slutte seg til oppløysing av Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane og fusjonere med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Stiftarane, med unntak av ein kommune, har gjort vedtak om å slutte seg til oppløysing av Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane og fusjonere med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Parallelt med formalia i prosessen vert det arbeidd med å skaffe oversikt over samlingane, bygg og anlegg og eventuelle driftsavtalar Kystmuseet har inngått med kommunar og private.

/. **Vedlegg:** *Brev av 14.03.2013 frå SF fylkeskommune v/fylkesdirektør for kultur
Brev frå Flora kommune om vedtak i saka*

- **Måløyraidsenteret**

Viser til styresak 06/2013 Konsolidering med Stiftinga Måløyraidsenteret.

Vedtak:

Styreleiar får fullmakt til å forhandle fram ein intensjonsavtale med utgangspunkt i drøftingane i styret og legge den fram for styret til handsaming. Vilåret for ei konsolidering må vere at drifta er fullfinansiert slik at eksisterande avdelingar ikkje vert skadelidande.

Samrøystes

Kort informasjon om opplysningar framkome i media omkring etablering av Måløyraidsenteret som har fått tilført friske midlar direkte frå kulturdepartementet, også i revidert nasjonalsbudsjett. MiSF har ikkje motteke informasjon om status eller den vidare prosessen frå kulturdepartementet eller Stiftinga Måløyraidsenteret.

- **Aktivitetsrapport frå avdelingane**

- */.* **Vedlegg:** *Aktivitet ved alle avdelingane vart omdelt i møtet*

- **Tilsettingsprosess for avdelingsdirektør SFKM og direktør MiSF**

Direktør orienterte styret om tilsettingsprosessen for avdelingsdirektør/SFKM og direktør/MiSF.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tatt til vitande

Vedtak:

Orienteringane vert tatt til vitande

Samrøystes

SAK 16/2015 DISPONERING AV STATLEG HUSLEIGETILSKOT TIL NORSK REISELIVSMUSEUM

Saksansvarleg:

Inge Bent Arnestad

Saksgrunnlag:

Tilskotsbrev for 2014 til MiSF frå kulturdepartementet:

«Museet får ein tilskotsauke på ca. 4,2 mill. kroner samanlikna med 2013, jf. Prop. 1 S (2013-2014) for kulturdepartementet. Av dette er 3,3 mill. kroner realauke for å gje rom for auka driftskostnader når det nye bygget til Reiselivsmuseet i Balestrand skal inn i husleigeordninga i 2014.»

Saksutgreiing:

Reiselivsmuseet i Balestrand vart ikkje ferdigstilt i 2014, og Statsbygg sendte derfor ikkje krav på husleige til MiSF. MiSF har etter avtale med kulturdepartementet sett av motteke driftstilskotet for 2014 på til saman 3,3 mill. kroner til etablering av utstilling.

Statsbygg har heller ikkje sendt krav på husleige for fyrste kvartal 2015.

Kulturdepartementet har etter førespurnad frå direktør, meldt tilbake at styret i MiSF bør ta stilling til korleis desse midlane skal disponerast

MiSF har ikkje flytta inn i det nye reiselivsmuseet, utstillingar og inventar/utstyr er ikkje montert/installert og opningstidspunkt er ikkje avklart.

Avklaring omkring framtidige kostnader og risiko knytt til drifta vil bli avdekket etter dei fyrste driftsåra. Direktør ynskjer at det statlege husleigetilskotet for fyrste kvartal 2015 på til saman 0,825 mill. kroner vert sett av til uføresette kostnader i tilknytning til investering av inventar og drift av Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF vedtar at husleigetilskotet for fyrste kvartal 2015 på til saman 0,825 mill. kroner vert sett av til uføresette kostnader i tilknytning til investering av inventar og drift av Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand.

Vedtak:

Styret for MiSF vedtar at husleigetilskotet for fyrste kvartal 2015 på til saman 0,825 mill. kroner vert sett av til uføresette kostnader i tilknytning til investering av inventar og drift av Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand.

Samrøystes

SAK 17/2015 REKNESKAPS- OG LØNSFØRING I MISF FRÅ 2016

Saksansvarleg:

Inge Bent Arnestad

Saksgrunnlag:

Viser til styresak 54/2011 Avtale om rekneskapsføring 2012 – 2015.

Vedtak:

Styret vedtek at administrasjonen får fullmakt til å inngå avtale om levering av rekneskapstenester for åra 2012-2015, innanfor gjeldande regelverk, med utgangspunkt i framlagt og prioritert oversikt over tilbydarar.

Samrøystes

Saksutgreiing:

Gjeldande rekneskapsavtale med Økonor Gloppen gjeld i perioden 2012 - 2015.

I samband med at avtala er inne i siste året, har administrasjonen vurdert framtidig løysing for det vidare rekneskaps- og lønsarbeidet frå år 2016. Vurderingane er basert på verksemda sin kompleksiteten og storleik, tal avdelingar/underavdelingar, pågåande prosjekt og årsverk. God kunnskap og eigarskap til rekneskaps- og lønsarbeidet er avgjerande for alle i organisasjonen. MiSF kjenner ikkje til andre museum i vår storleik som ikkje har rekneskaps- i eigen organisasjon.

Direktør ynskjer etter ei samla vurdering, å ikkje vidareføre eksisterande rekneskapsavtale.

Eksisterande kostnader (kr. 580.000,- i 2014) til rekneskaps- og lønsprogram vil dekkje behov for auka intern kapasitet og investering/drift av eigne rekneskaps- og lønsprogram.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Styret for MiSF vedtar at direktør får fullmakt til å sette i verk tiltak for å sikre MiSF best mogeleg kvalitet på rekneskaps- og lønsarbeid for stiftinga frå og med driftsåret 2016.

Vedtak:

Styret for MiSF vedtar at direktør får fullmakt til å sette i verk tiltak for å sikre MiSF best mogeleg kvalitet på rekneskaps- og lønsarbeid for stiftinga frå og med driftsåret 2016.

Samrøystes

SAK 18/2015: YMSE

Det var ikkje meldt sak under Ymse.

Styreleiar overrekte blomsterhelsing til Olin Johanne Henden som har vore styremedlem i Musea i Sogn og Fjordane sidan det konsoliderte museet vart stifta i 2009, og takka henne for godt styrearbeid til beste for museet.

Harry Mowatt
Styreleiar

Anne-Marie Førde
Direktør

Laura Kvamme

Olve Grotle

Olin Johanne Henden

Ingrid Norum

Steinar Evebø